


Jorunn Dyrkolbotn
Dyrkolbotn 50
5994 Vikanes



Dyrkolbotn 09.01.2016

Lindås Kommune
Postmottak
Teknisk Etat / Planavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Dykkar referansenummer: 15/3231 – 15/29155

SPØRSMÅL TIL KOMMUNEPLAN TIL LINDÅS KOMMUNE, GBNR 247/11

Viser til dykkar brev datert 10.09.15, stila til underteikna.

Dykkar brev er svar på mine spørsmål gjort til kjenne i mitt brev datert 30.08.15 til Lindås Kommune.

I dykkar brev datert 10.09.15, er det gjort ei brei utarbeida utgreiing for mine spørsmål.

Men då eg etter gjennomgått dykkar brev svært nøye, framleis er litt uvis på kva som har gått føre seg, tillèt eg meg senda enda eit brev med spørsmål om saka.

Spørsmål 1:

Kven er det som har kome med innspel til at min bustadeigedom (gbnr 247/11) i Dyrkolbotn, i kommuneplanen av 2011, er sett av til bl.a avlaupsanelgg?

(Vil her anføra at underteikna var heilt ukjent med vedtaket frå 2011, før eg i 2015 var gjort kjent med dette frå utanforståande)

Spørsmål 2:

I forbindelse med arbeidet med kommuneplanen og at det kom innspel frå utanforståande vedr bustadtomten min (gbnr 247/11) knytta til arbeidet med kommuneplanen, ville det ikkje vore naturleg at eg som heimelshavar til gbnr 247/11, blei gjort kjent med slike innspel?

(Er no klar over at kommuneplanen var ute til høyring før vedtaket i 2011. Men eg var aldri inne og såg kva som låg ute til høyring. Kvifor skulle eg det, når eg ikkje hadde nokon grunn til å tru at dette vedgjekk min eige eigeidom(ar)?)

Spørsmål 3:

Er det i det heile teke lovheimel for å vedta ein kommuneplan, der min bustadtomt blir "kraftig" knytta til planen, utan å varsle om kva planen inneber meg som heimelshavar til tomten?

Vil understreka at eg ikkje på nokon måte er ute etter "ta" kommunen i denne saka.

Det er grunn til å tru at truleg er kommunen blitt "forleda" i forbindelse med planarbeidet.

Håpar likevel kan få svar på mine 3 stk spørsmål redegjort for ovanfor.

Med vennleg helsing


Jorunn Dyrkolbotn
Heimelshavar til gbnr 247/11